

U2 – Flyktningekrisa er ikkje over

Flyktningekrisa er like alvorleg som før. På øya Lesbos i flyktningeleiren Moria ser vi dette tydeleg. Meir enn 7000 menneske sit fast her i ein leir som er dimensjonert for 2300 menneske. Dei manglar grunnleggande helsehjelp og dei manglar håp for framtida.

Den norske legen Heszelein-Lossius skildrar situasjonen:

- Til tross for alt de har opplevd før de kommer hit, har de fleste av de jeg har behandlet blitt syke eller skadde av forholdene i leiren. Vi har sett alvorlige frostskafer, selvskading og selvmordsforsøk i løpet av tiden vi har vært her, forteller hun.

Situasjonen er ein humanitær krise i følge både UNHCR, Leger utan grenser og Human Rights Watch.

I denne situasjonen er det trist at justiminister Wara kontant avslår at Noreg kan bidra med å ta mot fleire flyktingar.

Årsmøtet i Tromsø SV ber norske styresmakter ta eit større ansvar og hjelpe desse menneska til eit betre liv både gjennom å ta fleire inn til Noreg og gjennom å legge press på EU.